

---

**Saknr:** 2020/42867-1  
**Saksbehandlar** Berit Roksvåg  
**Dato:** 02.03.2020

---

---

**Til:** Yrkesopplæringsnemnda

---

**Frå:** Fylkesdirektør opplæring og kompetanse

---

### Godkjenning som opplæringskontor

Fylkesdirektøren viser til munnleg orientering i Yrkesopplæringsnemnda 27.01.20. Vestland fylkeskommune ved Rettleiingstenesta Vestland sør har i brev dagsett 17.01.2020 (arkivsak 2020/74-5) til Forsvaret varsla at det blir vurdert å opne sak om mogleg tap av godkjenning for Opplæringskontoret for Forsvaret (OfF).

Brevet er skriva på bakgrunn av at fylkeskommunen alt har vurdert godkjenninga av OfF som læreverksemd i eit bestemt lærefag og i den samanheng kritisert både opplæringstilbodet og arbeidsmiljøet til ein lærling. Denne saka vart lukka utan tap av godkjenning, men fylkeskommunen stilte krav til oppfølging av dei forholda det vart peika på. I brevet 17.01.2020 vert det gjort greie for ei anna sak der fylkeskommunen ikkje er nøgd med oppfølginga frå opplæringskontoret. Det er dessutan stilt spørsmål ved internkontrollsystem i læreverksemda/ved OfF. Forsvaret fekk tre vekers frist til å uttale seg om varselet.

Vestland fylkeskommune har fått fleire konkrete tilbakemeldingar frå Forsvaret på dei forhold som er omtalt i brevet 17.01.2020, seinast i dag 02.03.2020. Det har dessutan vore møte mellom representantar frå Forsvaret og fylkesdirektør Bjørn Lyngedal. Forsvaret tek ei sak om tap av godkjenning som læreverksemd på alvor, og det er laga ein førebels milestolpeplan for å etterkome krava frå fylkeskommunen. Fylkesdirektøren treng meir tid for å kunne setje seg inn i planen og vurdere kva samhandling med Forsvaret som er naudsynt for å sikre kvalitet i opplæringstilbod og læringsmiljø.

Fylkesdirektøren ynskjer ein dialog med Forsvaret for å sikre heilskapleg kvalitet på den delen av fagopplæringa vi har ansvar for gjennom OfF. Fylkeskommunen har likevel ansvar for å godkjenne rammene for fagopplæringa. Ein slik dialog skal ikkje kome i staden for oppfølging av einskildsaker. Desse skal handterast slik dei oppstår og med det mynde fylkeskommunen har til å rettleie og gjere vedtak. Dialogen bør munne ut i ein tiltaksplan som skal godkjennast av fylkeskommunen. Frist vert sett til 15.09.2020.

Opplæringslova § 4-3 gjev retningsliner for godkjenning av læreverksemdar. Av denne paragrafen går det fram at eit opplæringskontor berre kan godkjennast dersom dei einskilde verksemdene som inngår i kontoret, er godkjende av fylkeskommunen. Det er naturleg at Forsvaret og fylkeskommunen nyttar dialogen i tida framover til å rydde i organisering og ansvarsforhold. Forsvaret er ein viktig samarbeidspart for fylkeskommunen for å sikre eit tilstrekkeleg omfang av tilbod i ulike lærefag. Vi bør ha felles interesse av at lærlingane har eit trygt og godt arbeidsmiljø og at vi kan gå god for kvaliteten på opplæringa. Krava til godkjenning som læreverksemd er lovfesta nettopp for å sikre dette. Fylkeskommunen står til ei kvar tid fritt til å undersøkje om krava er etterkomne og om tap av godkjenning skal vurderast. Fylkesdirektøren har tru på at nærare samarbeid og betre rolleforståing vil gjere slike prosessar mindre sannsynlege.

Fylkesdirektøren har kome fram til at det ikkje er rett å stogge inntak av lærlingar i regi av OfF fram til det ligg føre ein heilskapleg plan som skal sikre kvalitet i opplæringstilbod og arbeidsmiljø. Denne vurderinga opphevar fylkeskommunen sitt svar til Forsvaret dagsett 07.02.2020 (arkivsak 2020/74-18).

Forsvaret blir orientert om fylkesdirektørens vurdering i denne saka.